

Høringsinnspel Selselva kraftverk

«Høringsuttalelse 202205918». Namn: Helene Ødven

Selsvatnet og øverste del av Selselva er regulert til LNF-område i kommuneplanens arealdel (Sunnfjord kommune). Sjeldan har vi eit så viktig natur- og friluftslivsområde som området kring fjellmassivet og Storehesten (også kalt Kvamshesten). Området er kartlagt og verdsett friluftslivsområde med høgste verdi ”svært viktig”. Kartlegginga og verdsetjinga er gjort av kommunen¹.

Tiltakshavar har i liten grad skildra natur-, landskaps-, friluftslivs- og reiselivsverdiane i dette fjellområdet. Storehesten er eit ikon for heile regionen. Det er eit turmål som er kjent i heile Noreg som følgje av motbakkeløpet Storehesten Opp. Storehesten og området rundt med øvre del av Selselva, den 80 meter lange demningen og reguleringa av det store Selsvatnet, er også del av eit større, samanhengande naturområde med urørt preg. Det er politisk eit ønske om å ta vare på slike område. Det er nokre småkraftverk knytta til elver ned frå fjellmassivet, men ingen større tekniske inngrep over «kanten» frå i underkant av 700 høgdemeter, og i høgde med Selsvatnet (837) og over².

Den kanskje mest påfallande og underkommuniserte konsekvensen at reguleringa av øvre del av Selselva (550 meter), den store demningen på 80 meter og regulering av Selsvatnet med ein meter, er korleis dette vil påverke landskapsverdiane. At elva i periodar berre får minstevassføring (betydeleg endra vassføring), og at dagane med stor vassføring som følgje av snøsmelting og kraftig regn vert vekke, vil bidra til å forringe opplevinga av fjellet og livskvaliteten til dei som bur i bygda. Elva utgjer ein viktig og synleg del av landskapet slik den går i dag, og bidreg til det urørte preget. Å følgje med på elva er ein viktig del av stadkjensla til dei som bur i Bygstad. Ein skal ikkje undervurdere korleis regulering av elva og endring av landskapselement bidreg negativt til livskvaliteten for befolkninga³.

Det er mykje friluftsliv og turgåing i dette fjellmassivet, og fysiske inngrep bidreg til å forringe naturopplevinga, det urørte preget og kjensla av ekte natur. Turen opp til Storehesten (1209 m.o.h.) via dagsturhytta er veldig populær, og ein vil sjå reguleringsdammen frå delar av denne stien. Dei irreversible inngrepa som følgje av støyping av ein 80 meter lang demning og regulering av vatnet med opptil ein meter, har også stor betydning for korleis landskapet og naturopplevingar vert når ein ferdast vidare oppe på fjellplatået, til dømes utover mot Blegja i vest (1304 m.o.h.) – som også er eit

¹ Kjelde. Miljødirektoratet <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00044074> og oversiktskart: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>).

² Kjelde: NVE Atlas

³ «Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse», rapport fra det nordiske miljøprosjektet ”Friluftsliv og psykisk helse”, 2005-2008

popuært turmål. Nær Blegja ligg også DNT-hytta Nipebu. Det er også grunn til å tru at besøkande som vil utforske dei spesielle geologiske verdiane, vil ferdast i dette området.

Området der utbygginga er planlagt, er del av eit større turområde som er mykje brukt både vinter og sommar. Tiltakshavar skildrar kun turstien som går nedanfor Kårstadvatnet via dagsturhytta til toppen av Storehesten. Bruken er mykje større enn denne turen. Her kan ein leggje ut på tur i fleire dagar, det ligg to DNT-hytter i fjellområdet, Nipebu og Massbu. Hyttene er drive av Indre Sunnfjord Turlag, den største foreininga i DNT Sogn og Fjordane. Det er lagt opp og skilta ei turløype heilt frå Stongfjorden i vest til Langeland i aust (skisenteret nær Førde).

Vårskituren til Blegja frå Kårstadvatnet (under Storehesten) er ein klassikar. Her går det mange på ski frå mars og utover til juni avhengig av snøtilhøva. Demninga, og ikkje minst reguleringa av Selsvatnet, vil bidra til ei sterk forringing av naturopplevinga. Når ein køyrer vatnet vil isen sprekke opp og leggje seg i kantar og flak kring vatnet. Ein vil heller ikkje kunne krysse vatnet på ski slik vi elles kan gjere.

På sommarstid vil ein kunne sjå endringar i vegetasjon som følgje av stadig nedtapping av vatnet og endringar i vegetasjonen kring vatnet. Mest truleg vil ein del av dagens vegetasjon forsvinne som følgje av tiltaket, ettersom arealet vil kunne ligge lenge under vatn. Slik blir det synleg ei «tappe»-rand rundt vatnet.

Visit  Norway

 Offers  Search |

📍 BYGSTAD

Storehesten i Bygstad

♡ Legg til favoritter



Tiltakshavar har ikkje nemnt dei store reiselivsverdiane med eitt ord. Storehesten er framheva av alle dei store destinasjonsselskapa, og er ein viktig del av marknadsføringa av regionen med kyst, fjord og fjell. Ikkje minst har motbakkeløpet Storehesten opp bidrege til å fremje fjellområdet sidan første arrangementet i 2006.

Den store turistundersøkinga ⁴viser at naturopplevingar er eit must for turistar, både norske og utanlandske, og at fjord og fjell toppar lista av kva dei vil oppleve. Det store fleirtalet av utanlandske besøkande er på jakt etter fred og ro, medan nordmenn er meir opptekne av kvalitetstid. Dei unge er mest opptekne av å vere fysisk aktive, prøve noko nytt, oppleve adrenalinkick og spenning, medan dei som kjem langvegsfrå, i større grad er ute etter spektakulær natur og naturfenomen. Ulike formar for vandre- og fotturar er dei aller mest populære utandørsaktivitetane blant utanlandske ferieturistar.



Vårskitur til Blegja frå Kårstadhaugane, 1. mai 2012. Selsvatnet er merka. Foto: Torill Refsdal Aase

Det er verdt å merke seg at friluftslivet er samanfallande med det turistane også ønskjer seg. Friluftsliv og turgåing har stor positiv påverknad på folkehelse i befolkninga og sparer samfunnet for store kostnader til sjukdommar innan både fysisk og psykisk helse. Fjella og naturen betyr også mykje for identiteten til dei som bur i distrikta⁵. Dette er kartlagt i ei rad undersøkingar⁶.

Det har vore mange reportasjar og naturfoto frå Storehesten og Blegja i lokalaviser og magasin opp gjennom åra. Bergen og Hordaland Turlag er DNT si nest største foreining turforslag i bøker og reiselivsbrosjyrer i mange tiår. Her er oppslag i medlemsbladet Sti

⁴ Den store turistundersøkinga 2023, Innovasjon Norge

⁵ Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse», rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse", 2005-2008

⁶ Landbasert vindkraft og menneskers relasjon til landskap (Brekken og Engesæth, 2022).

og Varde til med over 32 000 medlemmar. Bergensregionen er ivrige brukarar av Sogn og Fjordane som friluftslivsområde. Bergen og Hordaland Turlag driv blant andre Skålatårnet og Skålabu i Nordfjord, og ei rekkje turisthytter i Stølsheimen som også er del av Sogn og Fjordane.



Vårtur til Blægja

14

I Askvoll i Sunnfjord ligger en fjellrygg som på kartet heter Heilefjellet. Høyeste punktet er Blægja, 1 304 moh. Det er vel ikke viden kjent, men dét er derimot Kvamshesten, som er en del av foten til dette fjellet. Vi har vært med Indre Sunnfjord Turlag til topps.

Heilefjellet, heter en staselig fjellrygg mellom Dalsfjorden og Fjærfjorden i Sunnfjord. Mest kjent er nuten Kvamshesten, mens toppen heter Blægja. Det gir lønn for slitet å komme seg opp dit. Her er Indre Sunnfjord Turlag på sin årlige 1. mai-tur til nettopp Blægja med sin fantastiske utsikt i alle himmelretninger.

Naturmangfaldet i er i liten grad undersøkt av tiltakshavar. Det er henvist til to raudlisteartar som er registrert i Artsdatabasen. Desse er i seg sjølv verdfulle, og den

eine har fått endra levevilkår i den nedste delen av elva som allereie er regulert. Ein bør ikkje auke belastninga med ytterlegare regulering av elvestrengen. I konsesjonssøknaden les vi; «aktiv regulering med luke gjør at elva over en strekning på ca. 600 m tidvis vil få stor variasjon i vannføring.»

Vasstrengen Selselva er av naturtypen elvevannmasser (NT – nær truet). Som naturtype blir den difor vurdert til å bli forringa som følge av tiltaket. Erfaringsvis er kartleggingar av naturmangfald ikkje prioritert av tiltakshavar. Natur- og friluftslivsorganisasjonar har ved fleire høve funne betydelege mengder raudlisteartar når ein engasjerer fagpersonar som både får betre tid til feltarbeid og har den naudsynte kompetansen. Til dømes for Gjengedalsvassdraget og Øystesevassdraget⁷.

Å møte på dyr er også ein viktig del av naturopplevinga. Tiltakshavar nemner kongeørn, og at dei vil ta omsyn i hekketida, men det er tydelegvis ikkje kartlagt noko knytta til andre fugletypar. Tidlegare vurderingar viser at ein i elver med småkraft ofte kan finne både fossefall og vintererle. Det står i søknaden; «Elva renner gjennom små juv, og det er ingen spesielt rolige partier. Flere plasser kaster elva seg ut i små og store fosser." Ei flott skildring av naturen. Det er også gjort ei større kartlegging av fugl ved Snøheia i regi av Birdlife Sogn og Fjordane som ein kan sjå til. Dette er i same naturtype med typisk høyfjellsterreng og naturtypen fjellhei. Det er nok også mykje snøleier her med spennande mosetypar.

Tiltaket ligg i tillegg inne i Sunnfjord villreinområde, og det ytre området med Askvoll og Sunnfjord kommune, avgrensa av Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord. Sunnfjord villreinområde er klassifisert som dårleg innan alle delnormer (lavbeite, funksjonsområde og trekkpassasjar)⁸. Regulering, anleggsarbeid og tilsynsarbeid vil forstyrre ytterlegare og er i strid med tilrådingane som regjeringa set fram i det heilt ferske stortingsmedlinga som no er på høyring.

Det vert viktig å innhente meir kunnskap om natur-, landskap-, friluftsliv- og reiselivsverdiar. Kva natur vil gå tapt, kva vil skje med dyrelivet og turgleda? Utvilsamt store verdiar. Her må tiltakshavar gå i dialog med alle brukarar, jakt, fiske og friluftsliv, samt reiselivet. Virke reiseliv og NHO reiseliv kan vurdere dei negative følgjene ved slike inngrep med tanke på turisme. Krava til kunnskap må vere strenge.

Nylege undersøkingar i dei vestnorske fjella, både Snøheia litt lenger aust i Sunnfjord kommune⁹, vestre Stølsheimen og Matrefjella¹⁰, viser store funn av raudlistartar, også

⁷ [Fant rødlistede arter i utbyggingstruet vassdrag \(bt.no\).](https://www.fant.no/utbyggingstruet-vassdrag)

⁸ <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/3106763>

⁹ <https://biofokus.no/kartlegging-av-naturmangfold-i-foreslatte-vindkraftomrader-i-hoyanger-og-sunnfjord/>

¹⁰ [Kartlagte naturverdier i Stølsheimen og Matrefjella sommeren 2022 – en oppsummering - Hordaland \(fnf-nett.no\)](https://fnf-nett.no/kartlagte-naturverdier-i-stolsheimen-og-matrefjella-sommeren-2022-en-oppsummering-hordaland)

ansvarsartar som i stor grad berre er å finne i Noreg. Dette er kartleggingar i fjellområde som ligg i same fuktigheitssone og høgde som området som er planlagt utbygd ved Storehesten. I fjella rett aust for Storehesten, fant BioFokus 22 raudlista artar innan artsgruppene moser (18) og karplanter (4). Dei fann også raudlista naturtypar¹¹. Erfaring har vist at artsrikdommen og naturtapet vert undervurdert, gong på gong. Dei vestnorske fjella har mange inngrep som det er, og det må bli slutt på bit-for-bit-nedbygginga av naturen. Her er det også verd å nemne at desse artane er sårbare for tiltak som kan bidra til å forflytta lågareliggande artar oppover i terrenget.

Våren 2025 kan Sunnfjord geopark, som inkluderer Storehesten og fjellområdet ikring, bli del av UNESCO. Det ligg inne søknad, og det kjem rådgjevarar frå UNESCO på synfaring til sommaren. Det er allereie godkjent 4 geoparkar i Noreg, og Noreg er eit av landa UNESCO er særleg oppteken av knytta til geologi. Det er veldig uheldig om desse områda vert forringa av naturinngrep. Les meir om geoparkar: ¹²

Tiltakshavar skriv at det er mange småkraftverk i drift i denne regionen, og meiner derfor at tiltakets bidrag til samla belastning er beskjedent. Dette er å snu problemstillinga på hovudet. Tiltaket vil utelukkande bidra til den tilsynelatande evigvarande bit-for-bit nedbygginga vi er vitne til i den norske naturen. Naturmangfaldlova og sunn fornuft tilseier at der ein allereie har inngrep og sårbar natur, bør ein vere ekstra aktsam. Når er grensa for nedbygging nådd? Kor tid forsvinn artar heilt? Eit godt døme i denne konsesjonssaka er jo at ein allereie har forringa leveområdet til raudlistarten mosearten kystflope (NT), og no føreslår å forringe heile leveområdet som følgje av regulering også av den øvste delen av vassdraget.

Norsk natur er utsett for eit massivt press frå mange hald og interesser. Det er grundig dokumentert. Sjølvsaugt er det økonomi som styrer dette utbyggingspresset. «Det store bekkerøveriet» robba lokalsamfunn for store natur- og opplevingsverdiar. Det vi synest å sjå no, i samband med den planlagte utbygginga av Selsvatnet, er eit utvida åtak på meir av den same naturen. Mønsteret er velkjend. «Berre litt til», «beskjedne konsekvensar», «allereie utbygd». Vi veit av røynsle at dette for utbyggjarar er eit evig og usliteleg argument, men no må det vera slutt. No må samfunnet, politikarar og forvaltning, beslutta at vi har gitt nok av norsk natur.

Kvifor? Jau, fordi naturen er, intakt og urørt, det viktigaste vi har. Den gir oss det vi som menneske er heilt avhengige av. Lufta vi pustar, maten vi et, vatnet vi drikk. Utan den levande naturen er vi ingenting. Men naturen er sjølvsaugt mykje meir enn det. Den er heimen til våre medskapningar, matfatet til våre medskapningar, gøymeplassen til våre medskapningar. Og våre medskapningar, som vi, dels i vanvare, men minst like mykje

¹¹ <https://biofokus.no/kartlegging-av-naturmangfold-i-foreslatte-vindkraftomrader-i-hoyanger-og-sunnfjord/>

¹² <https://www.ngu.no/geologiske-ressurser/unesco-globale-geoparker-og-verdensarv>

med fullkome overlegg, har utrydda og redusert til eit minimum gjennom hundrevis av år, er vi også avhengige av.

Det er på høg tid at denne godt etablerte kunnskapen no får praktiske konsekvensar. Det må sitja svært langt inne å gi løyve til vidare utbygging av norsk natur.

La Selselva og Selsvatnet få vere i fred.

Med vennleg helsing,

Helene Ødven

Sjå vedlegg med illustrasjonar og bilete i det følgjande:






Vårskitur til Selsvatnet tysdag 16. april 2024






Ein av mange familieturar til Storehesten. Her frå 25. juli 2020.

Samanlikning med verdsetting som svært viktig friluftslivsområde og inngrepssone:






Figur 4 Situasjonsplan




Kvamshesten i Sunnfjord (1209 moh)

Av: [DNT Sogn og Fjordane](#) [Indre Sunnfjord Turlag](#)

Legg til huskeliste




[Kvamshesten i Sunnfjord \(1209 moh\) \(ut.no\)](#)



Ein svært attraktiv tursti frå Bygstad opp på Kvamshesten. Undervegs ligg Skaraly den nye dagsturhytta til Sunnfjord kommune. Før turen og løpet Storehesten Opp vart etablert i 2006, var det meir vanleg å følgje stien opp til Storehesten langsmed Selselva. Det er ein fin rundtur å gå opp frå Kårstad, og ned att til Sele. Kjelde: ut.no.

Samanhengane turløype med fleire turlagshytter



Det er lagt til rette ein sti frå Stongfjorden i vest til Langeland skisenter i aust. Her kan ein bruke fleire dagar på fottur i eit fantastisk turområde. Undervegs ligg både den ubetente turlagshytta Nipebu og rett ved Laukeland Massbu turlagshytte. Massbu ligg ved verna

vassdraget Storelva med utløp i Dalsfjorden og kjent for en vakre Laukelandsfossen. Vassdraget er verna på grunn av den urørte naturen.

Populære dagsturhytter – Skaraly



Foto: Magnar Egil Øren Gangsø/Ut.no.

Dagsturhyttene er gode turmål og møteplassar. Nesten alle kommunar i Vestland har minst ei dagsturhytte. [Sunnfjord ; kommune - Skaraly - Vestland fylkeskommune](#)

«Dagsturhytta ligg ved Kårstadskaret på ca. 700 moh. Ypperleg for ein tur i seg sjølv eller som eit kort eller lenger stopp med fantastisk utsikt mot Dalsfjorden, Storehesten og Sunnfjordfjella. Det er også flott å bade i småtjerna omkring eller slappe av i solveggen og nyte utsikta.

Turen går i fint og luftig turterreng i same trasé som Storehesten opp. Stien er godt opparbeidd med grus, singel, steinheller og rekkverk enkelte stader. På veg opp mot hytta går du forbi eit fint stølsområde. Frå hytta er det fint å ta turen vidare til både Littlehesten og Storehesten.

Dagsturhytta ligg på stien opp til Storehesten og i kort avstand frå Selsvatnet. Frå småtjerna rett nord for Storehesten og langsmed stien er det laga til ein liten gapahuk. Frå denne er det kun eit steinkast bort til Selsvatnet.

Friluftslivstradisjonar og organiserte turar



Stølshaugane - Parkering Storehesten / By...

Fjellskitur til Blegja

27.
apr.



Krevende fellestur, skitur



08:30 - 23:30

Indre Sunnfjord har i ei årrekke arrangerte det organiserte vårskituren frå Stølshaugane bak Storehesten og vidare ut til Blegja. Årets tur går 27. april. Sjå ovanfor og informasjonen om turen på nettsida til DNT og Indre Sunnfjord Turlag; [Fjellskitur til Blegja | Indre Sunnfjord Turlag \(dnt.no\)](#)

Dette er ein svært populær tur med mange deltakarar. Det er også ein tur veldig mange går på eige hand, og som er kjent langt utover regionen. Bergen og Hordaland Turlag (over 30 000 medlemmar) har til dømes hatt turar frå Stølshaugane til Blegja. Sjå bilete og oppslag i medlemsbladet Sti og Varde.



Den Norske Turistforening



På bilete ser ein tydeleg Selsvatnet nede til høgre. Ved ei oppdemming av dette vatnet og køyring vil det danne seg store sprekkar og kantar langsmed kantane av vatnet. Dette vil vere svært forringande for naturopplevinga.

Sjå bilete frå tur og reportasje i DNT Bergen og Hordaland Turlag sitt medlemsblad Sti og Varde. Bileta er tatt mai 2012.



Vårskitur til Blegja frå Kårstadhaugane, 1. mai 2012 Foto: Torill Refsdal Aase

Selsvatnet nede til høgre. Eit stort vatn i landskapet, og som med køyring vil sprekke opp og bli eit stygt arr i landskapet.

Oppslag i lokalaviser og magasiner

Storehesten og Blegja har vore med i særskilde mange reportasjer i lokalavisene og magasiner,

Bergen og Hordaland Turlag. Bergen og Hordaland Turlag er DNT si nest største foreining turforslag i bøker og reiselivsbrosjyrer i mange tiår.

Her er oppslag i medlemsbladet Sti og Varde til med over 32 000 medlemmar. Bergensregionen er ivrige brukarar av Sogn og Fjordane som friluftslivsområde. Bergen og Hordaland Turlag driv blant andre Skålatårnet og Skålabu i Nordfjord, og ei rekkje turisthytter i Stølsheimen som også er del av Sogn og Fjordane.



Oppstigning under Kvamshesten.



T-skjortevær til opp i 1000-meteren.



Det var en sprek turgjeng. Kvamshesten i bakgrunnen.



Spektakulære skavler over et smalt parti før toppen.

Særlig i godt vær er det stor oppslutning om turen, som arrangeres årevisst. Det kommer også tilreisende for å være med opp på denne mastodonten med utsikt både mot Josten og Ytterøyane fyr.

– Vi pleier å kikke litt etter spesielle turer vi kan kombinere med en helgetur, og da fant vi denne. En flott opplevelse, sa et bergenspar da de sto på toppen etter noen timers slit, og skuet utover øyriket nord og vest for Dalsfjorden og fjellheimen i øst.

Populært turmål

Kvamshesten er «foten» til Blægja. Det har sitt eget motbakkeløp og er et populært turmål hele året. Mange frikjørere trasker opp dit vintertid, bruker 2-3 timer opp og 10 minutter eller mindre ned igjen.

Tilfeldigheter gjorde at jeg denne 1. mai-dagen befant meg ovenfor Bygstad innerst i Dalsfjorden, sammen med en solid gjeng fjordinger, og følte meg litt malplassert. Hva hadde jeg begitt meg ut på? De så veldig spreke ut. Men jeg var ventet av turleder Erik Solheim, og som ansatt i Bergen Turlag kunne jeg ikke trekke meg.

Vi måtte bære skiene et stykke oppover. Men pga. løpet Storehesten Opp er nederste del av stien tilrettelagt bl.a. med noen fantastisk flotte heller, brakt på plass med helikopter, så tross vårløsning ble vi ikke våte på beina. Ved Kårstadvæien overtok blautasnøen, og vi tok på oss ski med feller. Noen klistret med en gang.

Feller på

Ved Kårstadvæien er vi rett innunder mektige Kvamshesten, 1209 moh. Den er et av de høy-

este fjellene i området. Den markante profilen kan særlig fra sør fortone seg som en hestekropp. Derfor kalles det lokalt også Storehesten og er det største av flere fjell med hestene i dette distriktet.

Foran ligger en elv med ikke fullt så imponerende snøbroer, men de er sammenhengende nok til at vi kommer oss trygt over, og om de ikke holdt til dagens slutt, fikk vi ta problemet derfra.

Storslått landskap

Svette og varme etter å har rundet Kvamshesten, var det lang pause ved Seltuftvatnet. Den som måtte tro at grøveste delen av stigningen var unnagiort, tok nok feil. Ryggen utover Hellefjellet til toppen er seig. Til gjengjeld blir den stadig mer dramatisk og imponerende jo høyere vi kommer.

Etter Hellyryggen må man passere et område som kan konkurrere med Besseggen. Det viktigste er å ikke ramle, for da forsvinner man utfor, uten retur til denne verden. Midt på er det en stake. Det er uproblematisk å passere her i dag, men det har skjedd at turen har snudd på dette punktet.

På den definitive toppen sto fem ungdommer klare til å kaste seg utfor. Her hadde de vært før, og foran ventet en fantastisk avslutning. De skulle i tilnærmet fritt fall ned til Førdefjorden. Vi ønsket dem god tur, fotograferte og forbedret returen, mot lange unnabakker, blandet føre og solen som nå dreide mot vest.

Dyktige skiløpere

Et par av turdeltakerne fant seg ekstra kneiker for å få mer fart på skiene. De fleste av oss andre svingte oss nedover i varierende stil, mange var meget dyktige skiløpere. Noen få av oss måtte

ha noen pauser når lårene ble for sure.

Det var for så vidt greit da vi kom ned på Seltuftvatnet og kunne hvile litt. Men en av deltakerne spratt opp mot Kvamshesten for å få et skikkelig unnarenn til, av det mer utfordrende slaget. Vi fulgte spent med på om han klarte å holde seg på beina. Det gjorde han selvsagt.

Det ble anlagt en lengre pause før siste nedkjøring. Vi visste at det var bløtt, at snøen ville ta slutt i en blanding av brake og stein, at vårbekkene ville renne overalt og at solen kom til å gå ned i horisonten. Ingen verket etter å gå ned fra fjellet, selv om det kunne være en fristende gryte hjemme på kjøkkenet.


Vår under skiene

Vi unnet oss en slik ettermiddagsstund bare vårskiturer kan by på; varme steinnabber, livlig vårbekk og kornet snø, mysende på et majestetisk landskap gjennom solbriller dekket av rennende solkrem, utsikt mot fjellet vi kom fra og fjorden vi skulle ned til. Omsider oppbrudd og start på turen til bygds, der alle muskler skulle få komme til nytte før vi omsider var nede på de velsignede hellene og kunne spasere lett til bilene før vi dro hver til vårt.

Dette er en tur du kan gå alene under gode værforhold. Stort sett går man rett frem til fjellmassivet tar slutt ved toppvarden. Turen krever at man er vant til å gå i fjellet vinterstid, og at man er i noenlunde brukbar form. Nabofylket vårt er meget rikt på attraksjoner, og Blægja er én av dem.

TORILL REFSDAL AASE

Arrangementet Storehesten Opp



Storehesten Opp er eit motbakkeløp som vart arrangert for første gong i 2006. Gaular Idrettslag står som arrangør av løpet i nært samarbeid med grunneigarar i området. Ei mengd frivillege, kommunen, lag og organisasjonar legg til rette for arrangementet.

Løpet og fjellturen er lagt opp både for konkurransedeltakarar og mosjonistar. Visjonen kring Storehesten Opp er å marknadsføre og gjere betre tilgjengeleg den fantastiske og heilt spesielle naturen i denne delen av Sunnfjord, like ved dørstokken til Førde by.

Kjelde: [Om løpet | Storehesten opp](#)

Storehesten Opp har bidratt til å gjere turområdet godt kjent og det kjem langvegssfarande deltakar. På lik linje med Skåla Opp i Nordfjord, har Storehesten Opp bidratt til at fjellet har blitt ein sterk merkevare. Ordet går, og mange har ønske om å ta turen opp til Storehesten (også kalt Kvamshesten).

Kva skriv destinasjonsselskapet Fjord Norge om Fjordane og Sunnfjord?

«FjordKysten og Sunnfjord

Like nord for Bergen kan du oppdage ei eineståande kystlinje i kombinasjon med eit vakkert fjordrike. Besøk dei sjarmerande øysamfunna, dei kraftfulle fossane, og utforsk den urørte naturen og dei mange historiske attraksjonane og kulturminna.»

Visit Norway/Sunnfjord skriv;

«Storehesten, også kalla Kvamshesten ligg 1209 moh og er det mest majestetiske fjellet i Sunnfjord. Denne turen vil du ikkje angre, utsikta er slående vakker!»

Kva seier turistane, både norske og utanlandske?

[Turistundersøkelsen \(visitnorway.com\)](https://visitnorway.com)

Turistundersøkinga sommar 2023

I Turistundersøkelsen intervjues norske og utenlandske turister på reise i Norge. Her får vi blant annet svar på hva de gjør av aktiviteter, tilfredshet, motiv for å legge ferien hit og gjennomsnittlig døgnforbruk.

Naturopplevelser er et must, og fjord og fjell topper listen

Det store flertallet av utenlandske besøkende er på jakt etter stillhet og ro, mens nordmenn er mer opptatt av kvalitetstid. De unge er mest opptatt av å være fysisk aktive, prøve noe nytt, oppleve adrenalinkick og spenning, mens de som kommer langveisfra, er i større grad ute etter spektakulær natur og naturfenomen.

Selv om utenlandske feriereisende er på jakt etter stillhet og ro, er ikke det ensbetydende med stillesitting. De gjør et utall aktiviteter, og ulike former for vandre- og fotturer er de aller mest populære utendørsaktivitetene blant utenlandske ferieturister, tett etterfulgt av naturopplevelser som å oppleve fjorder, fjell, midnattssol, villmark m.m.

De yngre er mer opptatt av et variert aktivitetstilbud, prøve noe nytt, være fysisk aktiv og oppleve adrenalinkick på ferien, og besøkende under 35 år vil i større grad klatre og prøve via ferrata og juving.

Sunnfjord villreinområde

Tiltaket ligg inne i Sunnfjord villreinområde, og det ytre området med Askvoll og Sunnfjord kommune, avgrensa av Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord.

[Sunnfjord | Villrein](#), 700 km²

«Villreinområdet som er Norges vestligste, består av et langstrakt og kystnært fjellområde på sørsiden av Førdefjorden-Jølstravatnet. Området er inndelt i tre. Ytre område omfatter kommunene Askvoll, Gaular og Førde og er avgrenset av Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord. Midtre område omfatter kommunene Gaular og Førde og strekker seg fra Langeland i vest til Rørvikfjellet i øst. Indre område omfatter kommunene Førde og Jølster og strekker seg fra Rørvikfjellet til Jostedalsbreen i øst.»



Søkeresultater

Kvamshesten



Alle (1)

Se og gjør (1)

1 resultater



Utendørsaktiviteter og natur

Storehesten i Bygstad

Bygstad, FjordKysten og Sunnfjord

Storehesten, også kalla Kvamshesten ligg 1209 moh og er det mest majestetiske fjellet i Sunnfjord. Denne turen vil du ikkje angre, utsikta er slående vakker!

[Søkeresultater - Fjord Norway](#)